
12. APPENDICES

Appendix 1: Letter with information on research project for informants in article 2 and letter of consent.

Ivar Sognnæs Eimhjellen
Uni Rokkansenteret
Nygårdsgaten 5
5015 Bergen
Tlf.: 55 58 38 99
Mob.: 99 71 45 45
e-post: ivar.eimhjellen@uni.no

Førespurnad om å delta i forskingsprosjektet «Frå face-to-face til Facebook?»

Mitt namn er Ivar Eimhjellen og er doktorgradsstipendiat i sosiologi ved Universitetet i Bergen og har kontor ved Uni Rokkansenteret. Eg forskar på frivillige organisasjonar i Hordaland og deira bruk av ny kommunikasjonsteknologi. I prosjektet har eg til no arbeidd med spørjeskjemadata frå «Hordalandsundersøkinga»; ei kartlegging av det frivillige organisasjonslivet i Hordaland. Vidare ynskjer eg å gjere ein djupare studie av nokre utvalde organisasjonar i Hordaland. Miljøfeltet og Bærekraftige liv på Landås er vald ut som aktuell kandidat for ein slik studie. Eg ynskjer å intervju leiarar i organisasjonen som har innblikk i organisasjonsverksemda og i organisasjonen sitt kommunikasjonsarbeid. Gjennom intervju ynskjer eg å få innblikk i den rolla som ny kommunikasjonsteknologi, internett og sosiale medier spelar i organisasjonsverksemda. Spørsmål i intervjuet vil omhandle organisasjonen og intern og ekstern kommunikasjon.

Studien og intervju blir utført av underteikna. Doktorgradsprosjektet er knytt til Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor (www.sivilsamfunn.no). Rettleiar for prosjektet er professor Mette Andersson, Sosiologisk Institutt ved UiB og bi-retteleiar er forskar II Dag Wollebæk ved Institutt for samfunnsforskning i Oslo. Studien er meldt til Personvernombodet for forskning; Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste A/S. Eg ber om å få nytte informasjon frå intervju i publisering av ein forskingsartikkel. Deltaking i prosjektet er sjølv sagt frivillig og du kan trekke deg når som helst undervegs, utan å måtte grunngje dette nærare. Om du trekker deg, vil innsamla informasjon om deg bli sletta.

Viss det er noko meir du lurer på, så ta gjerne kontakt.

Vennleg Helsing,

Ivar Eimhjellen

Samtykkeerklæring:

Eg har mottatt skriftleg informasjon om studien av miljøorganisasjonar og vil stille opp til intervju.

Namn:

Dato:

Appendix 2: Interview guide used in article 2.

Intervju med leiar/sentrale aktørar i organisasjon

Kort bakgrunnsinformasjon om person

- Posisjon, arbeidsområder og oppgåver
- Ansvar og myndighet
- Rolle i oppstarten av organisasjonen

Bakgrunnsinformasjon om organisasjon

Teoretisk problemstilling: Kva er organisasjonen? (Byluftlisten/Miljøvernforbundet)

- Korleis vil du beskrive organisasjonen?
- Kva er formålet med organisasjonen?
- Korleis vart organisasjonen starta/organisert? Prosessen? (lista/initiativet/nettverket/organisasjonen.
- Kva organisasjonsmodell eller andre organisasjonar er de inspirert av?
- Korleis er de organisert? (leiar, arbeidsgrupper, styre?) (Sentralisering)
- Kva er grensene for organisasjonen? Kva er internt/eksternt?
- Kven utgjer kjernen av organisasjonen etter di mening?

Intern kommunikasjon

- Korleis kommuniserer du (leiar) med resten av organisasjonen? Med medlemmer?
- Korleis får du tilbakemelding og respons frå resten av organisasjonen? Frå medlemmer?
- Kor ofte og kva type møter har organisasjonen? Styremøter, medlemsmøter?
- Kven møttest og kven har rett til å ytre seg?
- Korleis kommuniserer de mellom møta?
- Kva saker treng fysiske møter?

Ekstern kommunikasjon

Teoretisk problemstilling: Kva rolle spelar kommunikasjonsteknologi i organisasjonsverksemda utad?

- Offisielle samarbeidsrelasjonar med andre organisasjonar.
- Kva er dei viktigaste gruppene organisasjonen har behov for å kommunisere med utad?
 - Andre organisasjonar på miljøfeltet?
 - Politiske parti?
 - Styresmakter og byråkrati?
 - Medlemmer
 - Offentligheten

- Kva strategi for kommunikasjon utad har de?
 - Fysiske møter?
 - Tradisjonelle medier?
 - Ulike medier, gamle og nye
 - Spesifikt om internett: korleis – e-post, nettsider, blogg, internsider, sosiale medier
- Korleis arbeider de opp mot politiske styresmakter? (Bystyret og byrådet/regjering, kommune)
- Korleis arbeider de opp mot praktiskarar på feltet?
- Korleis arbeider de opp mot offentligheten/innbyggjarar? Informere/Dialog.

- Er dette snakk om einvegs-eller to-vegs kommunikasjon (monolog/dialog)
- Er det snakk om samarbeid og dialog?

- Kor viktig er det å nå ut i tradisjonelle media?
- Korleis når de ut i tradisjonelle media?

- Kven uttalar seg på vegne av organisasjon?
- Kven tar utanforståande kontakt med i organisasjonen?

Tankar om rolla til digital teknologi i organisasjonen?

- IKT si rolle i oppstarten?
- Korleis har IKT virka inn på organisasjonen? Endring?
 - Intern kommunikasjon? Avgjersleprosessar, integrering av organisasjon?
 - Ekstern kommunikasjon – kontakt og kommunikasjon med eksterne partar?
 - Straumlinjeforming eller diversifisering?
 - Oppstår nye grupperingar som kan øve innflytelse på organisasjon?
 - Endra rolle i det offentlege?
- Kva hadde de sakna mest utan Internett, e-post
- Kvifor har de tatt i bruk sosiale medier?
- Kva rolle spelar sosiale medier; Facebook, Twitter

Avslutning og vidare kontakt, eventuell oppfølging